



Retningslinjer for fylkesvise midlar frå klima- og miljøprogrammet i jordbruket 2026.

Fastsett av Statsforvaltaren i Vestland 11. februar 2026 med heimel jordbruksavtalen, St. Prop. 149 S (2024-2025), Tildelingsbrev til Statsforvaltaren i Vestland 2026 og Retningslinjer for tilskudd til nasjonale prosjekter innen Klima- og miljøprogrammet.

Statsforvaltaren forvaltar midlane som går til fylkesvise tiltak. Jf. regelverket for ordninga skal statsforvaltaren utarbeide retningslinjer for dei fylkesvise midlane innanfor ramma av dei sentrale retningslinjene.

Formål med tilskotet

Klima- og miljøprogrammet skal bidra til å nå landbrukspolitikken sine mål innan klima og miljø.

Måla for klima- og miljøprogrammet er å medverke til:

- At produksjon av mat skal gå føre seg med god ressursbruk og minst mogleg forureining, klimagassutslepp og tap av naturmangfald.
- Å auke landbruket sitt miljøbidrag, som kulturlandskap, naturmangfald, binding av karbon og produksjon av biogass.
- Å tilpasse agronomi og dyrkingssystem til endra klimaforhold, med sikte på å oppretthalde eller auke matproduksjonen og vareta produksjonsressursane.

Verkeområde

Statsforvaltaren kan gi tilskot til praktisk retta kunnskapsutvikling, utgreiingar og informasjonstiltak som medverkar til at måla i programmet vert nådde. Prosjekta skal bidra til at eksisterande eller ny kunnskap når raskt ut til næringa, oppdatert kunnskap for rådgjeving og forvaltning, og å informere om miljøinnsatsen i jordbruket til samfunnet elles.

Målgruppe for prosjekta kan vere næringsutøvarar, rådgjevarar, forvaltning og ålmenta.

Faglege prioriteringar i programmet kan variere og vil gå fram av utlysingsteksten for kvar søknadsomgang. Midlane kan ikkje gå til reine forskingsprosjekt, men dei kan gå til forprosjekt/utgreiingar som seinare kan munne ut i forskingsprosjekt. Prosjekt skal primært vere retta mot utfordringar som har interesse ut over reine lokale problemstillingar. Lokale prosjekt kan likevel få støtte dersom problemstilling eller resultat vil ha stor overføringsverdi.



Tilskot til behovsbaserte utgreiingar på oppdrag for Statsforvaltaren kan også bli innvilga. Prosjekt som dekkjer slike behov, kan bli etterspurt særskilt i utlysinga. Statsforvaltaren kan bestemme at midlar øyremerka til bestemte prosjekt ikkje skal lysast ut.

Statsforvaltaren kan ikkje løyve midlar til aktivitet eller prosjekt der embetet sjølv er prosjekteigar.

Kven kan søkje?

Føretak som arbeider med kunnskapsutvikling eller kunnskapsformidling kan søkje støtte frå programmet. Føretaket vere registrert i Einingsregisteret. Døme på aktuelle søkjarar er:

- Utgreiings- og forskingsverksemdar (institusjonar)
- Fag- eller næringsorganisasjonar
- Kommunar og andre føretak

Prioriteringar i 2026

Prosjekt som bidrar til å styrke kunnskapsgrunnlaget om klimautfordringar og oppfølging av vassforskrifta vil bli prioriterte i 2026. I dette ligg mellom anna kunnskap om tiltak for redusert avrenning og reduserte klimagassutslepp frå jordbruket.

Programmet har fem kategoriar; klimatilpassing, klimagassutslepp, jord og jordhelse, naturmangfald og kulturminneverdiar i kulturlandskapet og forureining til vatn, jord og luft.

Forureining til vatn, jord og luft

Eit godt kunnskapsgrunnlag kring forureiningskjelder og effekt av tiltak er nødvendig for å målrette og gje god oppslutning om nødvendige tiltak. Det er behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget i oppfølging av vassforskrifta og effekt av fangvekstar som avrenningstiltak i grønsaksproduksjon.

Det er m.a. ønskeleg med prosjektsøknader innan:

- Kunnskap om barrierar og moglegheiter for auka oppslutnad i område med utfordringar i vasskvalitet.
- Fangvekstar og andre vassmiljøtiltak i grønsaksproduksjon
- Tiltak for å redusere ammoniakkutslepp
- Potensialet for bruk av biogjødsel og kompost
- Gjødsling
- Lagring og handtering av husdyrgjødsel og biorest
- Jordarbeiding
- Erosjon og arealavrenning
- Drenering og hydroteknikk
- Grøfteavrenning og handtering av denne
- Innsamling og gjenvinning av landbruksplast



Klimatilpassing

Prosjekta som får midlar skal bidra til å gjere matproduksjonen meir robust og fleksibel i eit endra klima. Det kan òg vere aktuelt å vise kva effekt dei endra klimatilhøva og den auka risikoen for spreiding av framande artar og plante- og dyresjukdomar vil ha for forvaltning av naturmangfald og jordbruket sitt kulturlandskap.

Døme på prosjekttema er:

- Tilpassing av dyrkingsteknikk
- Gjødsling og tilpassing til nytt gjødselregelverk
- Dyrkingssystem
- Dekkesystem for frukt og bær
- Dyre- og plantemateriale som er tilpassa endra klimaforhold.
- Drenering
- Førebygging av skade på jord og avlingar

Klimagassutslepp

Metan frå husdyr, utslepp frå husdyrgjødselhandtering og lystgass frå prosessar i jorda er store kjelder til klimagassutslepp frå jordbruket. Bruk av fossile energikjelder og nedbryting av karbon i jord gir også utslepp. Det er ønskeleg med prosjektsøknader som aukar kunnskapen om korleis desse utsleppa kan reduserast. Opptak av karbon er òg viktig for å nå klimamåla. Dette er omtalt under temaet «jord».

Det er spesielt ønskeleg med prosjekt som ser på korleis bønder kan gjere klimatiltak på sin gard. Prosjekt som ser på korleis verkemiddel verkar inn på ulike landbrukspolitiske mål for klima og miljø er òg aktuelle.

Jord og jordhelse

Jord er eit viktig grunnlag for å produsere mat. Truslane mot matjorda og god jordkvalitet har fått auka merksemd både internasjonalt og i Norge. I tillegg til å svekke matjorda si produksjonsevne, fører svekka jordkvalitet/jordhelse til auka avrenning av næringsstoff, tap av biologisk mangfald og utslepp av CO₂.

Det er behov for auka kunnskap om jordhelse under norske forhold, både i grunnleggjande forskning og i praktisk retta problemstillingar. Praktisk kunnskap som kjem bonden til gode vil bli prioritert.

Døme på område der det kan vere behov for praktisk retta kunnskap:

- Fangvekstar som jordhelsetiltak.
- Samspel mellom planteartar, plantemangfald og jordbiologi for aggregatdanning, jordhelse og karbonbinding over tid.
- Redusert jordpaking: t.d. pløyefri dyrking, nedmolding av overvintrande plantedekke eller faste køyrespor.
- Utvikling av dyrkingssystem som prøver ut fleire jordhelsefremjande tiltak relatert til dei fire jordhelseprinsippa;
 1. Minimer forstyrringa av jorda
 2. Maksimer jorddekke
 3. Maksimer mangfaldet
 4. Maksimer tida med levande planter



- Utprøving av pedagogiske metodar for synleggjering av forbedra jordhelse og systematisering av resultat frå jordhelseprosjekt, retta mot praktiskarar og rettleiarar.
- Kunnskapsdeling og bevisstgjerings mellom bønder om god jordhelse.
- Agronomiske effektar av biokol på jordfunksjonar og praktisk bruk av ulike biokolprodukt.

Naturmangfald og kulturminneverdiar i kulturlandskapet

Strukturendringar og endring i driftsform kan skape utfordringar for naturmangfald og økosystemtenester i jordbrukslandskapet. Eit mål for midlane i denne kategorien er difor å vise korleis kulturlandskap og biologisk mangfald kan styrkast og gjerast synlege i kombinasjon med vanlig jordbruksdrift.

Døme på prosjekttema er:

- Formidling av god praksis for istandsetting og skjøtsel av kulturminne, utvalde naturtypar, anna trua natur og prioriterte artar.
- Kunnskap om effektive tiltak for fjerning av framande, skadelege artar.
- Informasjon om landbruket sitt bidrag til å ta vare på naturmangfald, kulturlandskap og kulturminne.
- Kunnskap om kva som skal til for å sikre gode leveområde for pollinatorar og fuglar i jordbrukslandskapet.

Søknad og rapportering

Statsforvaltaren i Vestland lyser ut midlane og set søknadsfrist årleg. Søknad skjer elektronisk via Altinn sine [skjemaside](#). Søkjar er ansvarleg for å sende fullstendig søknad med relevante vedlegg innan fastsett frist.

Tildeling av tilskot og vilkår

Statsforvaltaren kan sette vilkår om korleis kunnskapen frå prosjektet skal kome ut til målgruppa eller andre særskilte vilkår for tilskotet. Søkjaren vert informert om vilkåra i tilskotsbrevet.

Statsforvaltaren kan gi tilskot på inntil 70 prosent av totalkostnaden for prosjektet, og i særskilte tilfelle ut over dette. Tilskot blir normalt gitt for eitt år. Unntaksvis kan det bli gitt for inntil tre år.

Melding om endring

Tilskotsmottakar skal så snart som mogeleg melde frå til Statsforvaltaren om forseinkingar eller andre endringar i prosjektet som kan få konsekvensar for økonomi eller resultat. Dersom prosjekteigaren ønskjer å endre tiltaket eller få utsett rapporteringsfristen, må prosjekteigaren søkje Statsforvaltaren. Søknaden må innehalde grunn for endringar eller utsett frist, og oppdatert projektskildring og budsjett ved behov. Fristen kan ikkje utsettast meir enn 3 år. Søknad sendast på e-post til landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland.

Utbetaling

Prosjektet må vere gjennomført innan fastsett frist i vedtaket. Prosjektperioden inkluderer òg sluttrapportering. Prosjekt som ikkje er gjennomført innan fastsett frist, kan miste retten til tilskotet.

Tilskotsmottakar skal nytte rapporteringsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Sluttrapporten skal innehalde vurdering av resultat sett opp mot målsetjingane i prosjektet. Prosjektrekneskap



som viser budsjett og faktiske utgifter skal leggjast ved. Rekneskapen skal først slik at Statsforvaltaren kan samanlikne det med budsjettet og finansieringsplanen som Statsforvaltaren har godkjent. Reduserte kostnader i høve budsjett kan føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetalinga. Andre avvik frå vilkår eller prosjektskildring kan føre til avkorting av tilskotet dersom endringane ikkje er godkjende av Statsforvaltaren.

Klagerett

Statsforvaltaren tek avgjerd om tildeling av tilskot. Søkjaren har rett til å klage på vedtaket til Landbruksdirektoratet i tråd med forvaltningslova.

Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker om og mottek tilskot har plikt til å gje opplysingar og å levere dokumentasjon som er naudsynt for at Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet skal kunne forvalte ordninga.

Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet fører kontroll med ordninga, og har rett til å innhente nødvendige opplysningar for å kontrollere om vilkåra for tilskotet er oppfylte eller har vore oppfylte i tilbakelagte periodar. Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan utføre stadleg kontroll hjå tilskotsmottakar. Tilskotsmottakar plikter å gje bistand ved kontroll.

Krav om tilbakebetaling

Utbetalt beløp kan bli kravd tilbake dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med vilkåra for tilskotet. Feilutbetalt beløp kan etter vurdering bli kravd tilbake, anten heilt eller delvis.